



Statens vegvesen

Rune Lekven Skår

Behandlande eining: Sakshandsamar/telefon: Vår referanse: Dykkar referanse: Vår dato:
Region vest Marianne Skulstad / 55516253 15/207883-2 11.12.2015

Fv. 394 – Vedr. søknad om avkjørsel – Gnr. 11 bnr. 2 – Lindås kommune

Vi viser til søknad om avkjørsle frå fv. 394, motteke 14.09.2015. Søknaden gjeld utvida bruk av avkjørsla til eigedom gnr. 11 bnr. 52 og 87, for 2 bustadeiningar på eigedom gnr. 11 bnr. 2.

Statens vegvesen skal ved si vurdering legge vekt på omsynet til trafikken på og langs vegen. Det må gjerast ei totalvurdering, der det utover tilhøva på staden også må takast omsyn til framkomst og trafikktryggleik på den vegen det er søkt om avkjørsle frå.

Fv. 394 har haldningsklasse 4, som mellom anna betyr at avkjørsler normalt vert godkjent om dei tilfredsstillar dei tekniske krava. Der tilhøva ligg til rette for det, kan tilkomst visast til næraste eksisterande avkjørsle. Avkjørsla slik ho ligg i dag oppfyller ikkje gjeldande tekniske krav til utforming. På bakgrunn av dette kan vi ikkje gi eit løyve i dag, men eit førehandstilsegn om at løyve kan påreknast etter at avkjørsla vert utbetra etter krav vi stiller.

Krava tek utgangspunkt i fartsgrense og trafikkmengde på hovudveg og tilkomstveg. Fartsgrensa på staden er 50 km/t, og trafikkmengda er om lag 300 køyretøy i døgeret. Krav til friskt er då 4 x 45 meter i baa retningar.

Krav i tidlegare søknad

03.12.2010 vart det òg søkt av utvida bruk av denne avkjørsla, og i vårt svarbrev datert 06.12.2010 vert det gitt vilkår for utforminga av avkjørsla. Kopi av dette brevet vert lagt ved. Vi ser at noko er bygd i avkjørsla, men det er ikkje i samsvar med tidlegare vilkår, der det mellom anna vert kravd ei svingradius på 5 meter. Det vert òg påpekt at avkjørsla skal ha fall dei første 2 meterne frå vegkanten. Vi ser at det vert vanskeleg å få geometrien til å gå opp i avkjørsla, og etter ein vurdering av dei stadlege forholda kan vi redusere krav til svingradius til 4 meter. Krav til fall kan vi ikkje fråvike.

Vedtak

Med heimel i veglova §§ 40–43, har vi fatta følgjande vedtak:

Det kan påreknast bruksløyve til utvida bruk av eksisterande avkjørsle for 2 nye bustadeiningar under føresetnad om at krava nedanfor vert oppfylte.

Veg/stad: fv. 394 – hp 1 – km 8,2 / gnr. 11 bnr. 2 i Lindås kommune.

Vi gjer merksam på at tilsegna berre gjeld i høve til veglova. Vi gjer særleg merksam på at tiltak kan vere søknadspliktige etter plan- og bygningslova (kommunen) og at det kan vere behov for å avklare privatrettslege tilhøve.

Vi set følgjande krav:

1. Avkjørsla skal vere ferdig bygd i samsvar med vilkåra nedanfor, og deretter kontrollert og godkjent av Statens vegvesen innan 3 – tre år frå datoen på dette vedtaket, elles fell tilsegna bort.
2. Kommunen skal ikkje gjennomføre deling/kartforretning før endeleg godkjent avkjørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4.
Kommunen skal ikkje gje igangsetjingsløyve til bustader før endeleg godkjent avkjørsleløyve frå Statens vegvesen føreligg, jf. plan- og bygningslova § 27–4. Når krav til friskt er oppfylt, kan kommunen gje løyve til nødvendig grunnarbeid.
3. Avkjørsla må opparbeidast i samsvar med vedlagte prinsippsskisser og *Forskrift om alminnelige regler om bygging og vedlikehold av avkjørsler fra offentlig veg*, som ligg på lovdata.no.
4. Avkjørsla skal vere felles med andre som på ein naturleg måte kan nytte same avkjørsle.
5. Friskt 1,1 meter over bakken 4 meter inn i avkjørsla skal vere minimum 45 meter til begge sider av kjørebana. Sjå vedlagte skisse. Eventuelle planter o.l. i siktsonene kan ikkje vere høgare enn 0,5 meter. Postkassestativet må flyttast ut av siktsona.
6. Svingradius skal vere 4 meter (diameter 8 meter). Svingradius skal markerast tydeleg t.d. med grøft eller annan avvisande kant mot sideterrenget. Det smalaste punktet i avkjørsla skal vere 5 meter.
7. Stigningskrava må haldast (sjå skisse). Vi vil her spesielt gjere merksam på at avkjørsla skal ha fall frå hovudvegen med 5 cm på dei første 2 metrane.
8. Av omsyn til vedlikehald og trafikktryggleik må det ikkje samle seg vatn i avkjørsla eller renne vatn ut i fylkesvegen. Under avkjørsla må det leggjast dreneringsrør, minimum 300 mm i diameter, med eventuelt nødvendige kummar.

9. Det må vere snu- og parkeringsplass på eigen grunn. Det er ikkje tillate å parkere i frisiktsonene.

Arbeidsvarsling

Før arbeid vert sett i gang på/ved offentleg veg, skal det utarbeidast ein arbeidsvarslingsplan. Denne planen skal godkjennast av Statens vegvesen. Han skal sendast til nordhordland.arbeidsvarsling@vegvesen.no. Vi ber om at det vert vist til vårt saksnummer 15/207883 ved innsending av arbeidsvarslingsplanen.

Vidare saksgang

Ta kontakt med sakshandsamar dersom det er spørsmål i samband med opparbeiding av avkjørsla.

Når avkjørsla er opparbeidd etter krav, ta kontakt med sakshandsamar. Vi vil då kome på synfaring/kontroll før vi gjev bruksløyve. Endeleg godkjent avkjørsleløyve vert sendt til søkjar, med kopi til kommunen.

Vedtaket kan påklagast, jamfør vedlagt "Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak".

Plan og forvaltning – Bergen
Med helsing

Odd Høydalsvik
sjefsingeniør

Marianne Skulstad
senioringeniør

Kopi
Beate Irene Hosøy, Stranda 817, 5993 OSTEREIDET
Geir Roar Østerbø, Stranda 817, 5993 OSTEREIDET
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.



Statens vegvesen

Rune L. Skår
Ådlandsveien 905
5918 FREKHAUG

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/innvalsnr:
Odd Høydalsvik - 55516377

Vår referanse:
2010/241902-002

Dykkar referanse:

Vår dato:
06.12.2010

Søknad om utvida bruk av eksisterande avkjørsle - Gunnar Stussdal - gnr. 11 bnr. 2 - Gamleseter - Lindås

Vi viser til Dykkar søknad av 03.12.10 om utvida bruk av eksisterande avkøyning til eigedomen gnr. 11, bnr. 52 for utbygging av 3 nye tomter som skal delast frå eigedomen gnr. 11, bnr. 2 på Hølleland i Lindås kommune.

Ansvarleg søkjar vert opplyst til å vere Gunnar Stussdal, Gamleseter, 5994 Vikanes.

Det vert opplyst at kommuneplanen sin arealdel viser at det aktuelle område er avsett til bustadføre mål. Det skulle såleis ikkje vere trong for dispensasjon frå kommuneplanen.

Det vert søkt om å få bygge i ein minsteavstand på 15 meter til senterlinja på fylkesveg 394. Statens vegvesen har vurdert denne søknaden og kome til at det kan gjevast dispensasjon frå byggegrensa til fylkesvegen for oppføring av nye bustader inntil 15 frå senterlinja på vegen.

Når det gjeld søknad om utvida bruk av eksisterande avkøyning til eigedomen gnr. 11, bnr. 52 er kravet at avkøyninga må utformast i samsvar med handbok 017 frå Vegdirektoratet. Det vert lagt til grunn ei fart på 50 km/t. Kravet til frisikt vert minimum 4x45 meter og svingradius på minimum 5,0 meter.

Vedlagt følgjer prinsippsskisse for utforming av avkøyninga. Det er spesielt viktig at avkøyninga vert utforma med fall dei første 2,0 meter frå vegkanten.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Sindre Lillebø
seksjonssjef

Odd Høydalsvik

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Askedalen 4
6863 Leikanger


Telefon: 815 44 010
Telefaks: 57 65 59 86
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Spelhaugen 12
5845 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Båtsfjordveien 18
9815 VADSØ
Telefon: 78 94 15 50
Telefaks: 78 95 33 52

Kopi: Hordaland fylkeskommune, Planseksjonen, Postb. 7900, 5020 Bergen
Lindås kommune, Arealplan, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø


PRINSIPPSKISSE




Tilsvarende sikt lengder som vist på tegningen må også gjelde for trafikken som kjør på hovedvegen og skal inn i avkjørsla (sikt bakover og framover langs hovedvegen)

Av hensyn til snø og vegetasjon skal det i frisiktsonen vera fritt for sikthinder høgare enn 0,5 m. over hovedvegens nivå

Krav til svingradius for avkjørsla :



Krav til lengdeprofil for avkjørsla/tilkomstveg:





11/57

832
11/55

818
11/46

816
11/37

11/37

11/30

817
11/52

11/87

11/24

7394

Stranda

RÖS



Fv. 394 Lindås kommun
Gbnr. 11/2
11.12.2015
Målestokk 1:500
Statens vegvesen

| | |
|---|--|
| <p>(1) Avsender (forvaltningsorganets stempel)</p> <p>Statens vegvesen Region Vest</p> | <p>Melding om rett til å klage over forvaltningsvedtak (Forvaltningsloven § 27 tredje ledd)</p> |
| <p>(3) Mottaker (navn og adresse)</p> | |
| <p>Denne meldingen gir viktige opplysninger hvis De ønsker å klage over vedtak De har fått underretning om.</p> <p>Klagerett De har rett til å klage over vedtaket.</p> <p>Hvem kan De klage til? Klagen sender De til oss, dvs. det organet som er ført opp i rubrikk (1). Hvis vi ikke tar klagen til følge, sender vi den til klageinstansen, jf. rubrikk (4).</p> <p>Klagefrist Klagefristen er tre - 3 - uker fra den dag De mottar dette brevet. Det er tilstrekkelig at klagen er postlagt før fristen går ut. Dersom De klager så sent at det kan være uklart for oss om De har klaget i rett tid, bør De oppgi datoen for når De mottok dette brevet. Dersom De klager for sent, kan vi se bort fra klagen. De kan søke om å få forlenget fristen, og da må De oppgi årsaken til at De ønsker det.</p> <p>Rett til å kreve begrunnelse Dersom De mener vi ikke har begrunnet vedtaket vårt, kan De kreve en slik begrunnelse før fristen går ut. Ny klagefrist blir da regnet fra den dagen De mottar begrunnelsen.</p> <p>Innholdet i klagen De må presisere</p> <ul style="list-style-type: none"> – hvilket vedtak De klager over – årsaken til at De klager – den eller de endringer som De ønsker – eventuelt andre opplysninger som kan ha betydning for vurderingen av klagen <p>Klagen må undertegnes.</p> <p>Utsetting av gjennomføringen av vedtaket Selv om De har klagerett, kan vedtaket vanligvis gjennomføres straks. De kan imidlertid søke om å få utsatt gjennomføringen av vedtaket til klagefristen er ute eller til klagen er avgjort.</p> <p>Rett til å se saksdokumentene og til å kreve veiledning Med visse begrensninger har De rett til å se dokumentene i saken. Reglene om dette finnes i forvaltningsloven § 18 og § 19. De må i tilfelle ta kontakt med oss, jf. rubrikk (1). De vil da få nærmere veiledning om adgangen til å klage, om framgangsmåten og om reglene for saksbehandlingen.</p> <p>Kostnader ved klagesaken De kan søke om å få dekket utgifter til nødvendig advokathjelp etter reglene om fritt rettsråd. Vanligvis gjelder visse inntekts- og formuesgrenser. Fylkesmannen eller Deres advokat kan gi nærmere opplysninger om dette. Hvis vedtaket er blitt endret til Deres fordel, kan De etter forvaltningsloven ha krav på å få dekket vesentlige kostnader som har vært nødvendige for å få endret vedtaket. Klageinstansen (jf. rubrikk (4)) vil orientere Dem om retten til å kreve slik dekning.</p> <p>Klage til Sivilombudsmannen Hvis De mener at De har vært utsatt for urett fra den offentlige forvaltnings side, kan De klage til Stortingets ombudsmann for forvaltningen (Sivilombudsmannen). Sivilombudsmannen kan ikke selv endre vedtaket, men kan gi sin vurdering av hvordan den offentlige forvaltning har behandlet saken, og om det er gjort eventuelle feil eller forsømmelser. Dette gjelder likevel ikke i saker som er avgjort av Kongen i statsråd. Dersom De nå får Deres klage avgjort i statsråd fordi Kongen er klageinstans, kan De derfor ikke senere bringe saken inn for Sivilombudsmannen.</p> | |
| <p>Særlige opplysninger</p> | |